Norsk Etnologisk Gransking
Oslo.

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Underskrivne har fått ein del spørjelister, ein led om svar på. Millom andre er ei lista om Jolenissen – og denne vert det bede å svara på snart. Då eg ikkje har fått papir til svaret, svarar eg på dette papiret.

1. Jolenissen, som dele ut gåver vart først kjend gjennom jolebøker – og kort. Seinare for 40–50 år sidan opptrådde han på jolefestar – særleg barnefestar med sekk på ryggen med mange pakkar. Ein såg han sidan ofte i forretningslokalane før og under jolehandelen.
2. For det meste godter og elles småsaker som dokker og leiketøy. Jolenissen plar få av festens mat og drikke, om hans bunad (maske) er slik han kan taka noko til seg.
3. Ofte opptrer 2 – ein stor og ein liten – men er nissen åleine er han ofte stor med langt, kvitt skjegg; og elles fargerik bunad.
4. Maske med kvitt skjegg, knebukse raude eller blaafarga sokkar og treskor, toppluve eller breidbremma hatt.
5. Maskene vert tilvanleg kjøpte.
6. I eit julebukkfylgje er der tilvanleg ein med nissemaske og skjegg.
7. Det brukast ikkje her at julebukkane deler ut jolegåver, men det hender svært ofte, at dei opptrer

5382

med Sang og eller musikk. Fiolin eller trekkspel.

8. Her på bygdene trur ein å huge, at jolenissen eller gamalt vart sett i samband med den gamle Nessen - tuftekallen, som fekk Öl og Jolegraut. „Gardvoren" - den som bygde - og som etter bortgangen - vergjer Garden „Gardverjen".

9. Ukjend her.

Balestrand 20/1 1951

J. Tjugum

Jens Tjugum
Balestrand

5382
NORSK ETNOLOGISK GRANSKING